

Månadsbrev frå Reben – JANUAR ☺

Isfiske

Januar har gått så fort forbi. Det har vore kalde dagar med lite snø, men akkurat nok til at vi har kunne ta fram akebretta. Vi har også hatt nokre turar til Sollivatnet for å fiske på isen. Vi har ikkje fått tak i mark, så då har barna fått komme med forslag til kva vi kan bruke (brunost, kvitost, pølse og mais) men utan stor fiskelukke.

Is

Sidan det har vore minusgrader har det vore mykje nysgjerrighet rundt is, og vi har fylt opp diverse gummihanskar og mjølkekartongar for å sjå korleis dei blir når dei frys til. Kanskje vi kan setje saman desse isbitane og lage iskunst eller islykter? Spørsmålet er om dei ikkje blir knust i småbitar før vi kjem så langt. Det gjenstår å sjå!

Kardemomme by

I januar og februar har vi prosjekt om «Kardemomme by» - universet. «Det e dem vi har på koppan og fatan!». Barna kjente allereie igjen figurane frå boka sidan vi har brukt kardemommeby-koppar og –fat i over eit år. Vi les boka både i fellessamling og i enkeltgrupper og blir betre kjent med karakterane. Til no er det røvarane Kasper, Jesper og Jonathan, Politimester Bastian, Tobias i tårnet og Tommy og hunden som har fengda mest. Dette ser vi godt speila i leiken, der tre barn i rolle som røvarane plutselig kjem for å stele trikken. Vi har starta på å lage det blå rommet om til Kardemomme-by i stort format der vi bruker pappkasser til å bygge med og male slik at det liknar husa og trikken i byen. Her har barna delteke mykje i både planlegging, val av kven sitt hus me skal byggje og ikkje minst bygginga og maling og utsmykking.

Det tar tid å bygge ein by der alle barna skal få medverke, men vi har satt av god tid til dette og skal bruke heile januar og februar til å få byen ferdig. Så det blir eit fellesprosjekt på avdelinga der barna får komme med sine kunstneriske idéar og innslag. Her får barna øvd på sosial utvikling og kommunikasjon, der det er viktig å lytte og respektere andres meningar og idéar, gi og ta, bli einige og samarbeide. Her har vi eit godt eksempel der vi i samling snakka om kva reglar vi burde ha for byen og kardemomme-trikken for at vi klarar å ta vare på det vi lagar, og det ikkje blir øydelagt etter to dagar. Her fekk vi gode refleksjonar og vart einige om kva som var lurt, og kva som burde bli unngått.

Vidare skal vi synge og lære oss songane i boka, utvikle byen på det blå rommet og dykke djupare inn i barnas fokus rundt prosjektet.

Alle mine kyllingar..

I utetida i januar har det vore lite snø, dermed har det blitt dårleg akeføre og snømann-laging. Men barna har likevel kosa seg og heldt varmen på kalde dagar med regelleikar som «Allle mine kyllinger kom hjem» og «Marihønesisten». Desse leikane lærte barna seg kjapt og vi ser at dei er klare for å lære endå fleire regelleikar. Leikane er fysisk utfordrande, samstundes som dei opplever sosial utvikling ved å legge egne ynskje og behov til side, lytte til kvarandre og bytte på rollene som den som skal fange og den som skal bli fanga.

I vinden...

Andre leikar som har vore populære i januar er «stein, saks, papir», «tre på rad» og «håndbak». Mange av barna er konkurransemenneske som ikkje likar å tape, og deisse leikane blir som ein øving for barna på korleis dei skal reagere og justere følelsane sine om dei vinn eller tapar.

Mvh

Personalet på Reben

